

Amfibia høyrer også til viltet vårt, og er den mest truga dyre gruppa me har i landet

Amfibium

Berre frosk finst hjå oss i Sogn



Over: Vanleg norsk frosk i ei hyrdestund. Kjelde: Noregs dyr -81

Under: Rumpetroll av frosk i to utviklingssteg.

FANTASTISK LIVSLØP

Amfibia er våre eldste landvirveldyr. Dei er framleis vassdyr halve livet. Larvene er som fisk, mens dei vaksne utviklar lungar som kan puste i luft, og dei hoppar på land. Heile kroppen vert forvandla i denne prosessen (sjå utstillinga i monteran).

Amfibia har same kroppstemperatur som omgivelsane. Difor er det ganske utruleg at desse dyra kan leve her i det kalde nord. Dei vaksne froskane overvintrar på botn av dammar og vatn. Då pustar dei med huda.

FROSKEN ER TRUGA

Moderne jordbruk er til ulempe for amfibia våre, og froskane er no i tilbakegang i heile verda. Det er synd, for frosken tek mange skadedyr frå avlingane.

FOLKETRU

Frosken har ei viktig rolle i folkeeventyra. Kven har ikkje høyrte om prinsen som er forvandla til frosk ?



MAT

Nokre froskar er ekstremt giftige, mens andre er delikatesser. Huda på vår frosk er svakt giftig, og er neppe blitt brukt til mat. Froskelåra blir importerte.

MEDISIN

Frå kjertlane til nokre froskeartar vert det skilt ut meir 30 kjemiske stoff, som bl.a. blir nytta som antibiotika mot gule stafylokokkar.

Eit smertestillande middel som finst i froskehud, er 200 gonger meir effektiv enn morfin !



Spor og sporteikn

Om våren held froskene konsert, men vår frosk er ein lågmælt kar. Likevel kan du vere så heldig å høyre ei summande grynting og kvekking ved ynglevatna. No når froskbestandene er blitt mindre, er dette sjeldan å høyre – me høyrer ikkje eit kvekk!

I MAI-JULI KAN DU SJÅ ETTER RUMPETROLL I BEKKEN HER